

Kandidatane

1. kandidaten: Hallvor Lilleslett, 47 år, rektor ved Gol vaksenopplæring. Hallvor Lilleslett er Venstre sin ordførarkandidat. Han sit i formannskapet i inneverande periode. Lilleslett har og fungert som varaordfører/ordfører i eit kortare tidsrom. Han er leiar i Buskerud Venstre og medlem i Venstres Landsstyre. -Skule er viktig og omsorg er viktig. Politikarane må gje administrasjonen visjonar slik at det kan settast klare mål for aktiviteten, seier Lilleslett. Kulturen er limet i Gol-samfunnet. Hallvor Lilleslett er oppteken av interkommunalt samarbeid. -Her er det framleis ein jobb å gjera. Samarbeidet kan bli betre og meir forpliktande, meiner han.

2. kandidaten: Vlasta Sundmoen, 40 år, fødd og oppvaksen i Russland. Vararepr. til kommunestyret. Ho har tidlegare arbeidd som lærar. Lærarutdanninga frå Russland er komplettert med norsk tilleggstudanning. Vlasta Sundmoen er no konsulent for funksjonshemma. - Miljø er viktig, vi må ta lokale miljøutfordringar, seier Vlasta. Vi må også styrke arbeidet med inkludering og integrering av innvandrere, meiner ho.

3. kandidaten. John Henning Johannessen, 52 år, lærar. - Barn og unge må ha gode oppvekstvilkår og grunnskulen må ha nok ressursar, slik at alle elevar får gode vilkår for læring og utvikling, meiner John Henning Johannessen. -Vi må ta miljøutfordringane på alvor, også lokalt, seier han.

STEM VENSTRE VED KOMMUNEVALET 2007



Valliste for Venstre ved kommunestyrevalet 2007

1. Hallvor Lilleslett (kum)
2. Vlasta Sundmoen (kum)
3. John Henning Johannessen
4. Helge Feet
5. Ingebjørg By Teigen
6. Dag Stemsverk
7. Inger Marie Hammerstad Morland
8. Åke Rosén
9. Ingrid Svellingen
10. Jan Kattenberg
11. Anna Lilleslett
12. Jon Håvard Hammerstad Morland
13. Sigurdis Ingamunadottir
14. Per Drabløs

Produisert på 100% resirkulert papir.

Foto: Bjørn Sten. Grafisk produksjon: Gol Grafiske as - 32 07 43 65

Kommunevalprogram



Raus, ærleg, engasjert,
ansvarleg, framtidsglad
og tolerant .
.



VENSTRE

2007-2010

Kommunevalprogram 2007 - 2010

VENSTRE VIL VERA

Raus, ærleg, engasjert, ansvarleg, framtidsglad og tolerant

Sosialt ansvar



4. kandidat
Helge Feet

- Sosialt ansvar – meir til dei som treng det mest.
- Venstre vil at kommunen skal sikre alle retten til eit verdig liv:
- God omsorg for eldre og funksjonshemma.
- Bustader for vanskelegstilte.
- Styrke førebyggjande helsearbeid.

Miljø - Gol som ein positiv nyskapande grønn kommune



- Venstre vil tenkje globalt men handle lokalt.
- Venstre vil ta miljøomsyn i alle spørsmål, både naturmiljø og oppvekstmiljø.
- Sikre urørt natur for komande slekter.
- Leggje til rette for miljøvennleg energibruk og energikjelder ved rehabilitering og nybygg.
- Arbeide for å skape bevisste haldningar til ressursbruk og naturmiljø.
- Fokus på frivillig vern.

Skule og barnehage -skape eit godt lærings- og oppvekstmiljø



2. kandidat
Vlasta Sundmoen

Skulen og barnehagen skal skape identitet og tilknytning til Gol-samfunnet.

Venstre vil:

- Sikre eit godt pedagogisk tilbod i barnehagane og plass til alle.
- La lærarane få tilbake råderetten over eiga arbeidstid – Vise lærarane tillit.
- Ha skulebygg som stimulerer til aktiv læring.
- Stimulere og legge til rette for utvikling av kvalitet og fellesskap på den einsskule skule.
- Arbeide for tilstrekkeleg øyremerka ekskursjonsmidlar.
- Gje Folkeuniversitetet gode vilkår for vidare drift og utvikling.

Vi vil arbeide for at desse verdiane også pregar tenestene, leiarstilen og den politiske styringa i Gol kommune

Kultur - Eit levande kulturliv gjer Gol kommune god å bu i



3. kandidat
John H. Johannesen

Kulturen er limet i samfunnet. Kultur skapar møteplassar og samhold.

Venstre vil:

- Ha ei utvikling av Hallingmo som kultur- og skulesenter med gode tilhøve for idrett, teater og kino.
- Vidareutvikle kulturskulen og leggje til rette for eit mangfaldig kulturliv i kommunen.
- Utvikle og støtte kulturelle tiltak på tvers av kommunegrensene.
- Gi aktiv støtte frå Gol kommune til frivillige lag og organisasjonar.
- Venstre ser frivillig lagsarbeid som grunnfjellet i bygdekulturen.
- Ha eit tidsmessig bibliotek.

Eit levande næringsliv er grunnlag for gode offentlege tenester



1. kandidat
Hallvor Lilleslett

Det skal vere attraktivt å etablere ny verksemd i Gol.

Venstre vil:

- Ha rask og løysingsorientert sakshandsaming i tråd med lover og forskrifter og god kommunal service til nyetablerarar.
- At kommunen skal kunne gje råd og rettleiing om lokale planar og vilkår for næringsutvikling.
- La landbruket få vilkår slik at det kan leve godt og vidareutviklast som næring.
- At kommunen skal samarbeide aktivt med reiselivsbedriftene og det øvrige næringslivet i Gol for å styrke eksisterande bedrifter og støtte nye idear som kan styrke Gol som reise mål.
- Styrke samarbeidet mellom kommunane i Hallingdal.
- Halde fram regionalt samarbeid for betre Rv. 7, og bygging av Ringeriksbanen.